ØYGARDEN KOMMUNE
RÅDMANN

MØTEREFERAT

# REFERAT FRÅ MØTE I DET KOMMUNALE FORELDREUTVALET FOR GRUNNSKULEN (KFUG), 27.03.14

| **Dok. ref.:** | 12/294-40/K2-A12//ØST | **Møtedato/Tid:** | 27.03.14 |
|---|---|---|---|
| **Stad:** | Øygarden Rådhus<br>Møterom: Rongesundet | **Møtenr.:** | 03/14 |
| **Referent:** | Øyvind Strandheim | | |
| **Tilstades:** | Marianne Bru<br>Leif Gunnar Vik<br>Bernhard Eriksen<br>Beathe Watnedal | Toftøy skule<br>Toftøy skule<br>Rong skule<br>Blomvåg skule | |
| **Forfall:** | Tove Andersen<br>Stian Stokken<br>May Britt Heggholmen<br>John Steffen Ervik<br>Espen Harkestad<br>Reidar Johannesen | Rong skule<br>Blomvåg skule<br>Alvheim og Bakken skule<br>Alvheim og Bakken skule<br>Øygarden ungdomsskule<br>Øygarden ungdomsskule | |

**Referat vert sendt til:**

| SKULE | Leiar | Nestleiar |
|---|---|---|
| Toftøy skule | Marianne Bru<br>marianne@gantic.no<br>mob: 400 48 547 | Leif Gunnar Vik<br>lgun-vik@online.no<br>mob: 94810746 |
| Rong skule | Bernhard Eriksen bern@statoil.com<br>Pålsneset 5337 RONG<br>mob: 913 92 457 tlf: 56384574 | Tove Andersen<br>ta@norgeshus.no<br>96625477 |
| Blomvåg skule | Stian Stokken<br>sastokke@online.no<br>46668218 | Beathe Watnedal<br>Beathe.watnedal@oygarden.kommune.no<br>47900121 |
| Alvheim og Bakken skule | May Britt Heggholmen<br>May.britt@vestkystbygg.no<br>92645146 | John Steffen Ervik<br>John.ervik@oygarden.kommune.no<br>99799522 |
| Øygarden ungdomsskule | Espen Harkestad<br>espen@obe.as<br>mob:92898866 | Reidar Johannesen<br>Rkjoh1967@gmail.com<br>Mob:93491210 |

SAKLISTE:

| **Sak. nr** | **Tema** |
|---|---|
| **09/14** | **Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte, 17.02.14**<br>**Godkjenning av innkalling til møte, 27.03.14**<br><br>**Konklusjon:**<br>Referat frå møte 17.02.14 vart godkjent<br>Innkalling til møte 27.03.14 vart godkjent |
| **10/14** | **Status for skulene (max 15 min til saman)**<br><br>Toftøy skule<br>• FAU tar over ein større del av oppgåvene rundt 17.mai enn tidlegare år |

| | |
|---|---|
| | • Godt samarbeid med ny rektor (konstituert)<br>• Helselaget har gitt pengegåve til FAU, -tenkt brukt til teaterbesøk<br><br>Blomvåg skule<br>• Fire guttar frå 7.klasse har saman med rektor og lærar vore i Slovakia i saman med utvekslingsbesøka i samband med Comenius. Ny tur til Tyrkia i mai.<br>• Planlegg påskefrukost<br>• Den planlagte skituren måtte avlysast<br><br>Alvheim og Bakken skule<br>• Ingen representantar møtte<br><br>Rong skule<br>• Utvikling av uteområdet, der kommunestyret har løyvd kr.500 000, har hovudfokus<br>• Prosjekt «grillhytte» er gjennomført<br><br>Øygarden ungdomsskule<br>• Ingen representantar møtte |
| **11/14** | **Status frå administrasjonen (max 10 min)**<br><br>Budsjett 2014 – drift<br>• Informasjon om kommunestyrevedtak 12.02.14, med økonomiske konsekvensar for skulane<br><br>Ny skule på Tjeldstø – oppstart<br>• Infrastruktur og grunnarbeid er snart ferdig<br>• 25.mars markerte kommunen v/ordførar byggestart for Tjeldstø skule i lag med elevar og tilsette ved Alvheim og Bakken skular, representantar frå administrasjonen og Sartor Maskin<br>• Etter planen skal den nye skulen stå ferdig i mai 2015, med innflytting juni/juli, og med skulestart i midten av august<br><br>Dusjveggar i Kulturhuset<br>• Førespørselen frå kommunen om å montera dusjveggar i dei to dusjanlegga i den private delen av Kulturhuset er behandla i styret i Samfunnshuset A/L. Styret er i utgangspunktet negativ til ei slik løysing, på grunn av inngrepa det vil gjera i relativt nyoppussa dusjanlegg.<br>• Styret vil likevel gjerne sjå forslag frå kommunen om korleis avdelinga mellom dusjane kan gjerast<br><br>Ny rektor Toftøy skule<br>• Informasjon om søknadsprosessen. Ny rektor vert tilsett frå 01.08.14 |
| **12/14** | **Thomas Nordahl**<br><br>Thomas Nordahl formidla i foredraget 18.02 (Kulturhuset) på kva måte foreldra best kan støtta og hjelpa borna med skulearbeidet. Tema til drøfting: *Korleis bør denne kunnskapen drøftast vidare med foreldra på kvar skule?*<br><br>Konklusjon:<br>1. KFUG tar utgangspunkt i dei fire siste lysarka i foredraget til T.N. (sjå under)<br>2. KFUG ber kvar skule i lag med FAU setja av tid mellom 22.april og 12.mai slik at foreldra (klassevis) kan drøfta (i grupper) råda frå T.N.<br>3. Foreldrekontakten, eller ein annan frå FAU på skulen, formidlar bakgrunn for møtet og innhaldet i lysarka til foreldra i kvar klasse |

| | |
|---|---|
| | 4. Foreldrekontakten sender over det foreldre vil prioritera/forplikta seg til<br>5. FAU-representanten tar med seg dei samla klassevise innspela til neste møte i KFUG, 15.05<br>6. KFUG ønskjer å finna fram til felles område der foreldra kan hjelpa elevane i øygardsskulen.<br>7. KFUG ser innhaldet i dei fire lysarka så vesentlege at dei vert tema på skulane også neste skuleår |
| **13/14** | **Eventuelt**<br><br>**«Den raude tråden» i Øygardsskulen**<br>KFUG er opptatt av det som skal vera felles kjenneteikn på øygardsskulen. Felles forpliktingar for foreldra med utgangspunkt i T.N. kan verta eit slikt kjenneteikn. Framhald av «De utrolige årene» i barnehagen med innføring av Dinoskulen i førskulen og første klasse i skulen kan vera eit anna kjenneteikn. |

LYSARK FRÅ FOREDRAGET TIL THOMAS NORDAHL, 18.02



## Foreldre i skolen

- Foreldre bør sette seg inn i hva skolen driver med og hva som er skolens mål og oppgaver.
- Følg opp dine barns skolegang, men du bør også formidle klare forventninger til skolen og lærerne.
- Snakk aldri negativt om skolen og lærerne når dine barn hører på.
- Spør barna hver dag om hvordan det har vært på skolen, hva de har lært og lignende.
- Legg vekt på å formidle at skole og skolegang er viktig.



## Støtte til skolearbeid

- Det er viktig å vise interesse for skolearbeidet og ikke avvise spørsmål selv om du ikke kan svare på faglige problemer.
- Ha mer fokus på arbeidsinnsats enn på resultater. Bruk ros og oppmuntring.
- Etabler og oppretthold strukturer og rutiner for skolearbeid og lekser hjemme. Dette gjelder både når det skal foregå, hvor og behovet for konsentrasjon.
- Foreldre bør så langt som mulig være til stede når skolearbeid utføres hjemme

# Egen rolle som foreldre

- Alle foreldre er en avgjørende ressurs i forhold til egne barns læring og utvikling. Dette gjelder uavhengig av utdanningsnivå, arbeid eller sivilstatus.
- Alle foreldre har i perioder bekymringer tilknyttet egen rolle som foreldre.
- Egne erfaringer på skolen bør ikke styre hvordan du er som foreldre.